




Seljord kommune

Arkiv: C84
Saksnr. 06/00482-1
Saksbehandler: Kristian Torp-Hansen
Direkte telefon: 35 06 51 03

lok 15

UTSKRIFT AV

MØTEBOK



NOU 2006:2 Staten og Den norske kyrkje - høyring

Utvalgssaknr.:	Utvalg	Møtedato
036/06	Kommunestyret	19.10.06

Saksdokument: NOU 2006:2 Staten og Den norske kirke.

SAKSUTGREIING:

Eit utval oppnemnd 14. mars 2003 leia av fylkesmann Kåre Gjønnes skulle greie ut om statskyrkjeordninga skal først vidare, reformerast eller bli avvikla. Utvalet sitt framlegg er nå sendt ut på høyring med høyringsfrist 1. desember 2006.

Det er sendt ut eit skjema med spørsmål som høyringsinstansane må fylle ut for å bli høyrte. Skjemaet er vedlagt. Vedlagt fylgjer og utvalet sitt mandat og eit samandrag av utvalet sine standpunkt.

På eit informasjonsmøte blei det m.a. opplyst at i arbeidet med å vurdere høyringsuttalene vil departementet telje stemmer i høve til det eine eller andre standpunktet.

Kyrkjeordning.

Eit fleirtal på 18 i utvalet tilrår at dagens statskyrkjeordning blir oppheva, og at det blir etablert ei ny kyrkjeordning for Den norske kyrkja. Eit fleirtal av desse på 14 tilrår at kyrkja blir organisert som ei lovforankra folkekyrkje, medan eit mindretal på 4 tilrår at kyrkja blir organisert som ei sjølvstendig folkekyrkje.

Eit mindretal på 2 i utvalet tilrår at dagens statskyrkjeordning blir vidareført.

Finansiering.

Fleirtalet foreslår at offentlege løyvingar står for hovudfinansieringa med statlege tilskot og kommunale tilskot som skal dekkje bygging, vedlikehald, forvaltning og drift av kyrkjebygg. Eit mindretal tilrår at heile den offentlege løyvinga kjem frå staten. Eit anna mindretal tilrår finansiering gjennom ein medlemskontingent.

Gravferdsordning.

Fleirtalet tilrår at kommunen tek over ansvaret for gravferdsforvaltninga. Eit mindretal tilrår at kyrkjeleg fellesting beheld ansvaret.

Freda og verneverdige kyrkjer.

Utvalet tilrår at det blir etablert ei serskild finansieringsordning for freda og verneverdige kyrkjer uavhengig av det framtidige tilhøvet mellom staten og Den norske kyrkja. Staten tek over eigarskapet til freda og verneverdige kyrkjer som blir teke ut av kyrkjeleg bruk.

Eigedomsrett.

Fleirtalet i utvalet meiner ein bør vidareføre grunnprinsippet om sokna sin eigedomsrett til soknekyrkjer og lokale kyrkjefond. Mindretalet tilrår at det ved ei endra kyrkjeordning blir gjort opp eit bu-oppgjær då kyrkjebygg, kyrkjeleg infrastruktur og eigedomsmasse er bygd opp av fellesskapet gjennom hundrevis av år, m.a. ved skattar.

Opplysningsvesenets fond.

Fleirtalet tilrår Opplysningsvesenets fond overført til Den norske kyrkje. Mindretalet ser fondet som staten sin eigedom og fellesskapet sine verdiar. Eigedomar som i dag er i kyrkjeleg bruk blir overført til Den norske kyrkja, medan andre blir behalde av staten eller blir selt.

Kommentar.

Spørsmåla som blir reist i denne høyringa er verdispørsmål som rådmannen i denne saka ikkje ynskjer ha noko meining om.
Eg kommenterer nokon av dei ulike alternativa.

Dersom ein vel å fylgje mindretalet (to av utvalet sine medlemmer) om ikkje å gjera noko endring i noverande statskyrkjeordning, vil det ikkje vera behov for serlege endringar. Rådmannen finn det då naturleg at kyrkjeleg fellesråd held fram med å ta hand om gravferdene. I mindre kommunar er det ikkje nokon eigen gravferdsforvaltning. Stillinga som kyrkjegardsarbeidar er kombinera med kyrkjetenar. Ei deling av dette ansvaret vil bli ei tungvint ordning.

Skulle statskyrkjeordninga bli avvikla kjem kyrkja meir på line med andre trdomssamfunn, og vil få eit stort indre sjølvstyre. Då er det truleg rett at kommunen tek over ansvaret for gravferdene.

I ei statskyrkjeordning er nok rett at kommunen framleis skal ha eit økonomiske ansvar for bygningane. Framlegget om ei eiga finansieringsordning av freda og verneverdige kyrkjer er positiv. Blir statskyrkjeordninga avvikla finn ikkje rådmannen det naturleg at kommunane tek del i finansieringa. Den bør heilt ut bli statleg og/eller kombinera med ei medlemsavgift. Når det gjeld bygningane bør dei verdiane som fylgjer med Opplysningsvesenets fond bli nytta til vedlikehald av kyrkjebygga.

RÅDMANNENS FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Rådmannen legg fram saka utan tilråding.

Behandling og avrøysting i Kommunestyret - 19.10.2006:

Framlegg frå Ap, Sp og SV v/Halvdan Haugan:

Kommunestyret tek høyringa til orientering. Saka bør leggest fram for ei nasjonal folkeavstemming.

Framlegg frå Seljord Høgre v/Solveig Sundbø Abrahamsen:

Kyrkjeordning.

Det vert etablert ei ny kyrkjeordning for Den norske kyrkja der kyrkja blir organisera som ei lovforankra folkekyrkje.

Finansiering.

Det er offentlege løyvingar som er hovedfinansieringa til Den norske kyrkja.

Gravferdsordninga.

Kyrkjeleg fellestråde held fram med ansvaret for gravferdforvaltninga.

Freda og verneverdige kyrkjer.

Det må etablerast ei særskild finansieringsordning for freda og verneverdige kyrkjer. Staten tek over eigarskapet til freda og verneverdige kyrkjer som blir teke ut av kyrkjeleg bruk.

Eigedommsrett.

Ein må viderføre grunnprinsippet om sokna sin eigedommsrett til soknekyrkjer og lokale kyrkjefond.

Opplysningsvesenets fond.

Opplysningsvesenets fond blir overført til Den norske kyrkja.

Avrøysting:

Framlegget frå Ap, Sp og SV vedteke med 17 mot 7 røyster.

Mindretalet røysta for framlegget frå Høgre.

Vedtak i Kommunestyret - 19.10.2006:

Kommunestyret tek høyringa til orientering. Saka bør leggest fram for ei nasjonal folkeavstemming.

Utskrift til:

Kultur- og kirkedepartementet, Kirkeavdelingen Postboks 8030 Dep 0030 OSLO